

Hot'n Funky Stord – eit blinkskot

01.02.2010



Alle deltagarar og instruktørar på same brett.

Rosendal skulekorps og Uskedal skulemusikk har dei seinare åra hatt gode, spennande og opplevingsrike samarbeidsprosjekt. I helga fekk dei eit nytt fyldig kapittel i minneboka for dei heilt store korpsopplevelingane. Då var dei to korpsa så heldige at dei var invitert til Hot'n Funky Stord. Der hadde dei ei fantastisk helg saman med arrangørlaget Langeland skulekorps.



Autografskriving på løpende band

Arrangørkorpet på Stord hadde lagt alt til rette slik at dei 66 deltagarane i alderen 9 – 19 år skulle få ei flott helg både musikalsk og sosialt. Og dei skaut blink på alle punkt ! Det vart ei topphelg ! Dei to kvinnheradskorpsa sette stor pris på invitasjonen, og dei er svært takksame overfor dei mange i Langelandskorpset som bidrog til denne fantastiske helga.



Frå generalprøven



Dei afrikanske instruktørane imponerte

Ansvarleg for det musikalske på seminaret var 5 sør-afrikanske instruktørar som er i Norge dette skuleåret som eit ledd i utvekslingsprogrammet Bands Crossing Boarders. I heimlandet er dei lærarar i sør-afrikanske Field Band, men dette året er dei elevar ved Toneheim Folkehøgskule. Under seminaret på Langeland fekk deltagarane ein smakebit på korleis det er å spela i eit Field Band. Dette skil seg mykje frå det som er vanleg i norske korps. Musikken vert øvd inn heilt utan notar, og musikarane er i stadig mjuke bevegelsar etter dansande steg under framføring.



Musikarar frå alle tre korpsa rundt same middagsbordet. I bakgrunnen dei to drivkreftene mor Ragnhild og dotter Elisabeth N. Fylkesnes.

Under innøvinga var det interessant å følgja med på korleis dei jobba. Her var det raske skiftingar mellom gruppeøving og fellesinstruksjon, tida vart utnyttu veldig effektivt, og det var berre unntaksvis musikantane sat. Det meste føregjekk i oppreist stilling. Det var harde økter, men responsen og den disciplinerte oppførselen frå deltarane viste at dette var noko dei likte!

Særleg imponerte dei yngste som heldt konsentrasjonen og hadde stor framgang. "Detta e den kjekkaste helga eg har hatt i heila mitt liv", sa ei av dei yngste, og med den haldninga klarer dei utruleg mykje.

Det musikalske arbeidet enda opp med avslutningskonsert/oppvisning. Det var mest fullsett på tribunen i Gamlehallen, og det var veldig gledeleg at svært mange kvinnheringar hadde teke turen over fjorden. Dei fekk ei flott oppleveling. Musikken sat som eit skot, og bevegelsane var mjukare og langt meir afrikanske enn to dagar tidlegare.

Innimellan Hot'n Funky-korpset si framføring, vart programmet krydra med svingande musikk av Brazzooka (8 musikarar frå dei tre korpsa), og med at instruktørane la publikum ta del i sin musikk. Det vart levert trøkk, svung og kvalitet frå begge gruppene. Det var uunngåeleg at ikkje det heile vart avslutta med langvarig, ståande trampeklapp. Så fortent, så fortent!

"Dette må berre opplevast! Fantastisk! Kunne godt vart litt lenger", var ein av kommentarane eg høyrdé frå fornøgde publikummarar.

Innimellan all øvinga, var det og godt rom for sosial aktivitet. Laurdagskvelden vart det eit tettpakka program. Det var idrettsaktivitetar med fotball- og volleyballcup i gymsalen men dei yngste og dei eldste like fornøgde på same lag. Det var ein flott og stemningsskapande konsert med Brazzooka og instruktørane. Også diskoteket slo godt an denne gongen. Det same gjorde quiz-konkuransen.

Når mat- og fruktservering og alt anna var av beste klasse, og alle deltarane var så greie og fornøgde, kan vi berre slå fast: det var godt å vera kvinnhering på Stord i helga!

Tekst og foto: Thor Inge Døssland